



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 14

Telefaks 53 43 70 11

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 811 Dep

0030 OSLO

UGGDAL, 11.09.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
14/534-6	6422/14	403	FSK/RAD/STDAL/ãdh	

HØYRING - AKUTTFORSKRIFTA

Me viser til høyringsbrev om framlegg til ny akuttmedisinforskrift, dykkar ref 10/20675.

Formannskapet hadde saka føre i sitt møte 2. september d.å. og vedtok slik uttale frå Tysnes kommune:

«Tysnes kommune viser til høyring forslag om ny akuttmedisinforskrift med høyringsfrist 15. september d.å.

Tysnes kommune meiner at departementet går for langt i si detaljstyring av kommunane si oppfølging av gjennomføring av forsvarleg legevakt.

Det er særskilt i høve til dei nye kompetansekrava som vert stilt for sjølvstendig legevakt at kommunen meiner at dei tilrådde endringane i lita grad samsvarer med lokale behov og utfordringar.

Tysnes kommune forstår at departementet gjennom framlegget ønskjer å styrkja kvaliteten i det kommunale legevakttilbodet, men meiner at departementet har eit for eindimensjonalt tilhøve til kvalitetsomgrepet. Kvalitet handlar ikkje berre om formelle kvalifikasjonar, men også om tilgjenge og høve til å gjera vurderingar i møte med den ein-skilde pasient. Tysnes kommune meiner at turnuskandidatar må ha høve til å gjennomføra legevakt under same føresetnader som tidlegare. For våre innbyggjarar, med den geografi og kommunikasjonar som er i dag, vil ei interkommunal legevakt fort føra til at den einaste hjelp ein får etter at siste ferja er gått er ei rein telefonisk hjelp. Ein telefonkonsultasjon er krevjande for legen som skal gjera fagleg medisinske vurderingar av pasienten, då pasienten sin innsikt eigen situasjon vil kunna vera svært varierende, ved telefonisk kontakt vert pasienten sin eigen evne til å skildra sin tilstand viktigare om legen skal kunne gje ei rett medisinsk vurdering. Me meiner at ein turnuskandidat i møte med

pasienten i eit slikt tilfelle vil kunna gjera ei vesentleg betre medisinsk vurdering av pasienten.

Me ser også at dei andre innskjerpingane av kvalifikasjonskrav er krevjande. Me stiller spørsmål ved departementet si vurdering av at det som utgangspunkt vert kravd spesialistkompetanse i allmennmedisin for å gjennomføra sjølvstendig legevakt. Tysnes kommune har organisert fastlegetenesta og vakttenesta i same teneste og ser mange føremøner med ei slik organisering. Organiseringa inneber at legen svært ofte har kjennskap til den einskilde pasient, me meiner at departementet i si vurdering i lita grad tek høgde for verdien av ein slik lokal kunnskap.

Tysnes kommune kan ikkje sjå at departementet i sitt høyringsbrev kan visa til at dagens kompetansekrav utgjer noko medisinsk risiko, me kan heller ikkje sjå at det kjem fram i rapporten «...er hjelpa nær - Forslag til Nasjonalplan for legevakt». Det er rett nok vist til at små og mellomstore kontor har svakare utbygde internkontrollsystem, men det er så vidt me kan sjå ikkje empirisk grunnlag for å sei at t.d. turnuslegar gjer fleire medisin-faglege feil enn andre. Me stiller oss også litt tvilande til om dei endringane som er lagt fram vil vera eit godt tiltak for utvikling av internkontrollsystem. Det vert også vist til at manglande kompetanse på mindre kontor kan føra til fleire innleggingar på sjukehus, men her kan det vel så gjerne vera andre samanhengar som ligg bak, mellom anna kan tidsdimensjonen føra til at ein i eit utkantdistrikt vel å leggja inn framføre å venta ut frå eit «føre var» prinsipp. Me kan elles ikkje sjå at det faktagrunnlaget departementet har basert seg på i sitt framlegg gjev grunnlag for å sei at legen sin kompetanse er utslags-gjevande for innlegging eller ikkje, det synes heller ikkje å vera grunnlag for å sei at legar i turnusteneste gjer fleire «feilinnleggingar» enn andre.

Departementet legg opp til at det etter søknad til Fylkesmannen kan gjerast unnatak frå forskrifta sine kompetansekrav. Me kan ikkje sjå at departementet sine framlegg til unntaksvedtekter er tilstrekkelege. Tysnes kommune meiner også at det er uheldig at Fylkesmannen skal ha ein slik rolle andsynes kommunane og meiner at kommunen sjølv må ta ansvar for vurderingar knytt til kompetanse og dimensjonering av tenesta.


Departementet ber spesifikt om kommunen si tilbakemelding knytt til gjennomføring av kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshandtering. Tysnes kommune ser positivt på denne type kurs.

Oppsummering:

Tysnes kommune meiner at departementet si endring av kvalifikasjonskrav for legevakt ikkje er underbygd av data som skulle tilsei ei slik endring. Tysnes kommune meiner vidare at departementet sine framlegg i svært lita grad viser forståing for lokale forhold og meiner at departementet i sitt framlegg legg svært dårleg til rette for å finna gode lokale løysingar på legevaktarbeidet. Det rom kommunane har for å øva lokalt skjøn med omsyn til organisering av tenesta bør etter Tysnes kommune sitt syn vidareførast og ikkje innskrenkast slik framlegget legg opp til!»

Me har von om at departementet legg vekt på høyringa og at handsaminga av denne også kjem fram i departementet si endelege vurdering.

Med helsing
Tysnes kommune



Steinar Dalland
rådmann

Kopi: Helse- og sosialkontoret